



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 29.04.2022  
**Møtestad:** Matre - Riggen (i Næringsparken)  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Erlend Kvamsdal	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Wenche Dåe	Sp	Erlend Kvamsdal

---

### Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som og førte møteboka.

---

## Sakliste

Saknr	Tittel
041/2022	Godkjenning av innkalling og sakliste
042/2022	Godkjenning av møtebok
043/2022	Årsmelding 2021
044/2022	Endra frammøtemønster 1.-4.klasse på skulane i Masfjorden
045/2022	Samarbeidsavtaler tannhelse og Masfjorden kommune
046/2022	2 gangs handsaming av reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes
047/2022	Vidare prosess med mogeleg nasjonalpark i Masfjorden (og Alver) kommune
048/2022	Referatsak
049/2022	Godkjenning av kjøpskontrakt knytt til bustadfelt i Ytre Haugsdal
050/2022	Utvikling av kommunalt næringsområde ved Dragseidvegen ved kryss fylkesveg
051/2022	Årsrekneskap 2021 - Masfjorden kommune

## **041/2022: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

## **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 041/2022 VEDTAK:**

**Innkalling og sakliste vert godkjend**

---

## **042/2022: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

## **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 042/2022 VEDTAK:**

**Møtebok vert godkjend.**

---

## **043/2022: Årsmelding 2021**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune si årsmelding for 2021 vert teken til vitring

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Rådmannen endrar skrivefeil/årstal i saksframlegget samt oppdaterer vedlegget slik at kommunestyret får eit nytt saksframlegg til handsaming der innstillinga frå formannskapet ikkje vert knytt til.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 043/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune si årsmelding for 2021 vert teken til vitring**

---

## **044/2022: Endra frammøtemønster 1.-4.klasse på skulane i Masfjorden**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune endrar frammøtemønster for 1.-4. klasse til 5 dagars skuleveke, gjeldande frå og med skuleåret 2022-2023.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Oppvekstleiar Rita Ludvigsen møtte til denne saka og svara på spørsmål.

Saka vart drøfta.

Geir Egil Haugsvær (Sp) sette fram framlegg om å sende saka attende til rådmannen for grundigare utgreiing med følgjande grunngjeving:

- Det står i sakspapira at dette ikkje vil gje auka utgift. Dette må vere feil. Skal fire klassetrinn vere ein ekstra dag på skulen utan at dette gjev auka utgifter? Her må ein sette opp ein oversikt over korleis ein klarer dette kunststykket.
- Kulturskulen og Idrettskulen er ikkje et tilbod til 1.trinn
- Har ein tenkt å sette opp ekstra skyss heim for elevar som ikkje ynskjer delta på kulturskule, idrettskule og SFO?
- Det blir i saksframlegget vist til § 2.2 i Opplæringslova. Ordlyden her seier ingenting om at elevane skal ha 190 dagars skuleår fordelt på 38 veker slik det står i saksframlegget.
- Når ei sak har vore ute å høyring må uttalane som kjem inn leggat ved sakspapira.

Framlegg til vedtak om å sende saka attende til rådmannen for grundigare utgreiing frå Sp vart samrøystes vedteke.

### **FS - 044/2022 VEDTAK:**

**Saka vert sendt attende til rådmannen for grundigare utgreiing.**

-----

## **045/2022: Samarbeidsavtaler tannhelse og Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalane med Vestland fylkeskommune, kring tannhelsetenester.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 045/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune sluttar seg til samarbeidsavtalane med Vestland fylkeskommune, kring tannhelsetenester.**

---

## **046/2022: 2 gangs handsaming av reguleringsplan for Storeskjeret på Sandnes**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent. Det vert vist til vedlagde plankart av 13.12.2021, føresegner av 22.02.2022 og til planskildring av 22.02.2022.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 046/2022 VEDTAK:**

**Reguleringsplan for Storeskjeret gnr 30 bnr 23 m.fl. vert i medhald av plan- og bygningslova sin § 12-12 godkjent. Det vert vist til vedlagde plankart av 13.12.2021, føresegner av 22.02.2022 og til planskildring av 22.02.2022.**

---

## **047/2022: Vidare prosess med mogeleg nasjonalpark i Masfjorden (og Alver) kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering/ vurdering av nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland, grunneigarar og interesseorganisasjonar.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 047/2022 VEDTAK:**

**Masfjorden kommune sluttar seg til å gjennomføre ein vidare prosess for etablering/ vurdering av nasjonalpark i Masfjordfjella. Arbeidet skal skje i dialog med Alver kommune, Statsforvaltaren i Vestland, grunneigarar og interesseorganisasjonar.**

---



## **048/2022: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

#### Referatsaker:

Skriv 1 - Brev til kommunene om bedre polititjenester og beredskap

Skriv 2 - Protokoll 1-2022 Regionrådet Nordhordland, torsdag 17.februar

#### Orientering frå rådmannen:

- Rådmannen orienterte kort om status for mottak av flyktningar i kommunen
- rådmannen orienterte om at kommunen har fått utsett uttalefrist til 02.05.22 for Høyring planprogram regional plan for fornybar energi.  
Eit samla formannskapet gav rådmannen fullmakt til å sende inn høyringssvar basert på diskusjonen i møtet.
- rådmannen orienterte om at det var kome få høyringssvar til sak 21/41 Frivilligsentral og tilrår å forlenge høyringsfrist, og utsette sak til 31.5 (jf. drøfting og framdriftsplan 29.3)  
Formannskapet samla seg om å forlenge høyringsfristen og utsette saka til formannskapsmøte 31.mai.
- rådmannen orienterte kort om at kommunen no går over til eit meir fleksibelt terminoppsett for betaling av kommunale avgifter.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 048/2022 VEDTAK:**

### **Referatsaker vert tekne til orientering**

-----

## **049/2022: Godkjenning av kjøpskontrakt knytt til bustadfelt i Ytre Haugsdal**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Framlegg til kjøpsavtale knytt til bustadfelt på gnr 1 bnr 1 i Ytre Haugsdal vert godkjent.

Kjøpesummen på krone 2 millioner vert finansiert over bustadfondet.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 049/2022 VEDTAK:**

**Framlegg til kjøpsavtale knytt til bustadfelt på gnr 1 bnr 1 i Ytre Haugsdal vert godkjent.**

**Kjøpesummen på krone 2 millioner vert finansiert over bustadfondet.**

---

## **050/2022: Utvikling av kommunalt næringsområde ved Dragseidvegen ved kryss fylkesveg**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Det vert løyvd inntil krone 400.000 for kjøp av 7 dekar næringsareal på gnr. 6 bnr 10 ved Dragseidevegen. Summen inkluderer oppmålingskostnader med meir.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 050/2022 VEDTAK:**

**Det vert løyvd inntil krone 400.000 for kjøp av 7 dekar næringsareal på gnr. 6 bnr 10 ved Dragseidevegen. Summen inkluderer oppmålingskostnader med meir.**

---

## **051/2022: Årsrekneskap 2021 - Masfjorden kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Årsrekneskapen 2021 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, kor både drifts- og investeringsrekneskapen 2021 er avslutta i balanse.

Kvar tilsett pr. 01.01.2022 får koronakompensasjon med kr 5.000,- etter stillingsstorleik, basert på sentral framforhandla «Avtale om utvidet kompensasjon i forbindelse med koronapandemien».

Velferdstiltak 2022 for tilsette med kr 1.000,- pr. årsverk.

### **29.04.2022 FORMANNSKAPET**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

### **FS - 051/2022 VEDTAK:**

**Årsrekneskapen 2021 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, kor både drifts- og investeringsrekneskapen 2021 er avslutta i balanse.**

**Kvar tilsett pr. 01.01.2022 får koronakompensasjon med kr 5.000,- etter stillingsstorleik, basert på sentral framforhandla «Avtale om utvidet kompensasjon i forbindelse med koronapandemien».**

**Velferdstiltak 2022 for tilsette med kr 1.000,- pr. årsverk.**

---

Rett utskrift frå møteboka frå formannskapet 29.04.22 vert vitna:

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Torill Torsvik Størkensen  
varaordførar